

Bedriftsserie Pitch & Putt Kristtornskogen Golfpark

Kristtornskogen Golfpark har gleda av å ønska velkomen til bedriftsserie i Pitch & Putt.

Serien vil gå gjennom heile sesongen med oppstart i slutten av april, pause i juli og avslutning ein gong i september.

Kvar bedrift kan nytta inntil 6 personar gjennom heile sesongen, men i kvar kamp er det berre 2 personar som spelar for kvart lag.

Kvar bedrift spelar ein kamp i veka. Kampane speles som "Greensome". Dette er ei spelform der 2 og 2 spelar mot kvarandre.

Begge spelarane på laget slår ut på kvart hol. Laget blir så einig om kva ball som ligg best plassert og spelar vidare på denne. Dei to slår nå annan kvar gong til ballen ligg i koppen. Den spelaren som ikkje får sin ball valt startar.

Det laget som vinn flest hol vinn kampen.

Kvar vunnne kamp gjev 3 poeng, og uavgjort gjev 1 poeng. Poenga tjenes gjennom heile sesongen, og summeres i ein tabell som oppdateres på heimesida til Golfparken ein gong i veka.

Kvar bedrift kan melde på fleire lag, og startkontigenten er 2000 kr per lag. I tillegg til dette må dei som ikkje er medlem eller har spelerett gjennom sponsoravtaler betale greenfee for kvar kamp.

Alle sponsorpakkane me tilbyr inneheld ei påmeldingsavgift til bedriftsserien.

Påmeldingsfristen er satt til fredag 01.04. Kwart lag må ha ein kontaktperson. Kristtornskogen Golfpark vil setja opp ei terminlista, og det laget som står oppført fyrst har ansvaret for å avtala kamp tidspunkt med motstandar laget. Kampen skal avholdast innan utgangen av den veka kor kampen er satt opp, og korrekt utfyllte scorekort skal leverast inn til Golfparken. I løpet av påfylgjande veke vil så tabellen bli oppdatert på heimesida

Kwart lag vil etter at påmeldingsfristen er gått ut motta terminlista, og ei liste over alle kontaktpersonane til dei ulike bedriftane.

Serien vil bli avslutta med ein finaledag i september med påfylgjande bankett i Kristtornbua.

For påmelding -mail: ksgolfpark@gmail.com

Tlf: 95 75 02 11

Med venleg helsing

Kristtornskogen Golfpark